

Låt o' Link

Medlemsblad for Valdres Folkemusikklag

Nummer 3

august 2006

Årgang 16



Avslutning på ein vellykka kappleik

- Takkefest!
- Landskappleiken – vellykka arrangement med svakt økonomisk resultat
- Ingar Ranheim og Marit Mattisgard i Valdres heidra i sumar
- Forteljarkurs med Leif Stinnerbom
- Folkemusikkhausten full av nye tilbod
- Friske midlar til folkemusikken i Valdres

LEIAREN HAR ORDET

Ein sumar er over, men minna, dei består, og på folkemusikkfronten i Valdres kan me ta fram gode minne og puste letta ut. Me greidde det! Takka vera fem til seks hundre gode innsatsvillige står Valdres framleis som dalføret som kan laga gode arrangement. Sett utanifrå var både lokalkappleiken, landskappleiken, Strunkeveko og Jørn Hilme-stemnet svært vellukka arrangement.

Likevel skal me ikkje gløyme at mange av dugnadsfolka no er slitne etter stor påkjenning. Med ein så ekstremt arbeidsam stemnesumar som i 2006 var eg budd på å ta med i evalueringa: Vart det for hardt for miljøet? Er folk utbrende? Får dette konsekvensar for arrangement i framtida? Me må ha omtanke for alle med kvar sine erfaringar, og me må evaluere og notere erfaringar, slik at komande styre i Vfl kan nytte dei ved neste søknad om landsomfattande arrangement.

For me vil vel søkje sidan òg? I evalueringa må me vurdere om Beitostølen er rette plassen. Om det økonomiske overskotet hadde vore større, ville me truleg ikkje vore i tvil. Me må innsjå at det er ein konsekvens av at me ikkje hadde gode nok avtalar med næringa på Beitostølen.

Men lokalkappleik, Strunkeveko og Hilme-stemme, det blir det iallfall neste år òg!

No skal me ha ein velfortent mimrefest der me feirar at me har gjennomført fire store og vellukka arrangement i år.

Hjarteleg velkomne!

Oddrun Hegge

FRIST FOR STOFF TIL LÅT O' LINK 2006

4/2006: 15. november

Fristen for stoff til nr. 4 kan bli justert noko, ut frå aktuelle hendingar. Bladet kjem til lesarane om lag ei veke etter stoff-fristen.

Redaksjon for Låt o' Link: Aud Søyland, Knut Aastad Bråten og Ole Aastad Bråten
Formgjeving: Nils Leine. Trykk: Solveig Hårdnes.

Innbinding og utsending: Anne Marie Aastad Bråten

Ta gjerne kontakt med redaksjonen! Tlf.: 990 37 584 – E-post: aud.soyland@bnet.no

VIKTIGE NETTADRESSER

Valdres folkemusikklag: www.valdresfolkemusikklag.no

Strunkeveko: www.strunkeveko.com

Jørn Hilme-stemnet: www.hilme.com

Landslaget for Spelemenn: www.folkemusikk.no

TAKK TIL EIT FLOTT MILJØ

Styret i Valdres Folkemusikklag sender ein takk til alle dykk som har vore med og skapt fire svære arrangement dette året: Lokalkappleiken, Strunkeveko, Jørn Hilme-stemnet og ikkje minst Landskappleiken. Det har vore store lyft for ein organisasjon med berre 400 medlemmer, og me hadde ikkje klart det utan at så mange var villige til å stille opp og hjelpe til, både i og utanfor organisasjonen. Hjarteleg takk til kvar og ein av dykk!

No vil me be dykk til ein real fest på arenaen for Landskappleiken – på Beitostølen, laurdag 2. september kl. 19–02.

Fristen for å melde seg på måltidet er alt gått ut, men alle dugnadsarbeidarar (m/partnarar) skal ha fått invitasjon i posten. Har du likevel ikkje fått invitasjon, og har lyst til å bli med på fest, må du ringe eit av nummera nedanfor, så skal me nok få smetta deg inn.

PROGRAM FOR KVELDEN:

Kl. 19.00–21.00 (påmelding) Servering på Beitostølen Høyfjellshotell (der stemnekontoret var under Landskappleiken)

- Velkomstdrikk
- Rummegraut, spekjimat og anna godt
- Kjøkekemeister Marit Bakken
- Musikkinnslag ved Knut og Ole Aastad Bråten ofl.
- Helsingar

Kl. 21.00–02.00 Festkveld i Beitohallen

· Dansemusikk ved Jutullaget frå Vågå, Jan Beitohaugen Granli og Henning Andersen

- Kaffi og kaker
- Sal frå baren

Uformell resteauksjon

Busstider, sjå neste side.

BUSS TIL FESTEN

Buss 1:

17.30 Avgang Hølera
17.40 Bagn
17.55 Aurdal
18.05 Leira
18.10 Fagernes Skysstasjon, spor 7
18.17 Ranheimsbygde
18.23 Skrautvål Skule
18.30 Rogne S-lag
18.45 Heggenes
18.53 Skammestein
19.00 Beitostølen

Buss 2:

17.20 Avgang Reinli
18.00 Fagernes
18.12 Ulnes
18.26 Slidre Sentrum
18.33 Lomen st.krk.
Skammestein

Heider til Mattisgard og Ranheim

Sommarens prisdryss gjekk i år til to av dei fremste folkemusikarane i dalen vår.

HALDOR RØYNES ÆRESPRIS

Haldor Røyne's ærespris blir ofte gjeven til dei som gjennom eit langt liv har arbeidd trufast for å fremme folkemusikken og -dansen i Valdres. Enkelte utrettar eit livsverk på overraskande stutt tid.

– Me vonar prisen vil vera ein kveik til å halde oppe farten, spenninga og ytinga, både for prisvinnaren og andre, fortalde Elisabeth Kværne då ho overrekte Haldor Røyne's Ærespris til Marit Mattisgard frå Øystre Slidre under fredagskonsert på Jørn Hilme-stemnet. Merittlista til Mattisgard er lang og imponerande. Ho har i lang tid vore ein superaktuell utøvar som har spelt ei av hovudrollene i folkemusikken i Noreg i dag, og då særleg innanfor kveding. I tillegg spelar ho langeleik, gjerne i kombinasjon med songen. På dansegolvet er ho ein stødig, stilsikker og uttrykksfull dansar. Marit er som kjent mykje nytta som aktør i ei rekke konsertar. Skal ein trekke fram eitt prosjekt, skil naturleg nok Tryllefløyta seg særleg ut. Vidare har Marit vore med på ei rekkje plater og innspelningar, t.d. Tre ord te de (2003), Song i himmelsalar (2004) og Sudan Dudan (2006) med Anders Røyne.

Marit er ikkje berre big star på norske folkemusikkscener. Ho gjer også ein stor innsats som organisator i heimelaget Øystre Slidre spel- og dansarlag, for Jørn Hilme-stemnet, på lokalkappleikane, i songgrupper, dansegrupper, spelgrupper og ei mengd andre viktige oppgåver.

– Marit er ein krigar med sterk rettferdskjensle. Sjølv om engasjementet byr på visse utfordringar og ikkje alltid er like moro, er det naudsynt å forsvare ei smal yringsform med varierende status i samfunnet vårt, sa Kværne i tala si.

HEIDERSMEDLEM

Under ein høgtideleg seremoni på Landskappleiken på Beitostølen vart Ingar Ranheim frå Garlibygde ny heidersmedlem i LfS. Merittlista til Ranheim er i likskap med Mattisgard lang og imponerande. I 1971 tok han til som dansar på Valdres Folkemuseum. Under rettleiing av ulike dansarar som arbeidde der, men framfor alle Torleiv Bolstad, utvikla han seg raskt til ein av dei beste dansarane i landet, i springar så vel som i lausdans. Tallause konsertar, turnear og utanlandsturar har det òg blitt. Ingar har vore i fremste rekke blant langeleikspelarane, han har spelt langeleik på konsertar, skulekonsertar og var med på plata "På langeleik", som fekk Spelemannprisen i 1985.



Randi Skeie har nettopp utnemnt Ingar Ranheim til æresmedlem i Landslaget for Spelemenn.

I meir enn 30 år har Ingar teke ansvar i folkemusikkarbeidet både på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå: som sekretær for landskappleiken på Fagernes i 1978, sekretær for LfS, leiar i LfS, leiar i Valdres Folkemusikklag, valnemnda i Rff, styremedlem i Norsk folkemusikklag, oppstartar og pådrivar for "I Valdres-takt" og ikkje minst ti års innsats i nemnda for å starte ei landsline i folkemusikk. Ranheim er med si analytiske evne ein nasjonal kapasitet innanfor danse- og tradisjonsformidlande fag. Han har vore nytta som forelesar og instruktør på Ole Bull-akademiet, Rådet for folkemusikk, Universitetet i Trondheim og Høgskula i Telemark

Til ståande applaus mottok Ranheim prisen på heimebane på Beitostølen.

TIDENES KAPPLEIK – MEN SVAKT ØKONOMISK

RESULTAT

Trass i godt gjennomført landskappleik – det økonomiske overskotet etter Landskappleiken 2006, som kanskje var tidenes landskappleik, ser ut til å vera minimalt.

Ei som smiler, trass i ei slunken sparekasse, er Oddrun Hegge, leiar i Valdres Folkemusikklag.

– Dette var eit kjempearrangement. Alle som var med i hovudkomiteen, og andre som stod i bresjen, er nøgde, fortel Hegge, som ikkje legg skjul på at det har vore usikkerheitsmoment i forhold til økonomien undervegs i arbeidet med kappleiken.

– Uansett økonomisk usikkerheit: Vi har gjort ein solid jobb overfor publikum og deltakarar, mange valdrisar gjorde det bra på kappleiksscenen, og vi har fått mykje god omtale i pressa, seier Hegge. Men sjølv om omtalen var god: Overskotet blir neppe stort.

– Resultatet er enno ikkje ferdig, men det ser ikkje ut til å bli eit særleg godt resultat. Det blir neppe eit sekscifra tal, seier Hegge på telefon til Låt og Link.

Store økonomiske forventningar kjem ikkje minst som eit resultat av store overskot på landskappleiken og landsfestivalen i fjor. Arrangørane på Røros sat att med ein halv million ekstra i spelemannskassa etter landskappleiken. Forklaringa på den økonomiske nedturen på Beitostølen er mange, fortel Hegge.

– Det er mange forklaringar på dette, mellom anna at vi hadde to kappleiksarenaer. Dette var fordyrande, seier Oddrun Hegge.

Leiar for Landskappleiken, Ola N. Døvre har følgjande kommentar til kappleiken på Beitostølen:

– Dette var eit eventyr – alt lykkast, meiner Døvre.



Jan Beitoaugen Granli, vinnar av hardingfele klasse A

– Men er du nøgd med eit så minimalt økonomisk overskot?

– Eg synest ikkje det skal vera hovudsaka med eit rekordoverskot. Men det ville vera forferdeleg surt om me hadde kome under streken. Eg satsa ikkje på at vi skulle slå Røros i overskot, seier Døvre, som forklarar resultatet på denne måte: – Det som Røros tente på, var mat og ølsal, medan det på Beitostølen var så mange andre muligheiter for publikum og deltakarar, seier han.

– Men burde ikkje de ha sikra dykk slik at de fekk meir av overskotet frå næringslivet på Beitostølen?

– Vi gjorde det, vi har til dømes fått prosent på varer hjå campingen. Prosent på middagsmat blir for komplisert, for mange å forhalde seg til. Det viktigaste var å få ned utgiftene, seier han.

– Folkemusikkmiljøet er avhengig av økonomiske midlar. Å arrangere Landskappleiken er ein måte å skaffe desse midlane. Er det då ikkje synd at Landskappleiken ikkje får det til?

– Det er berre antyda eit beløp, alt er ikkje kome inn enno. Eg trur vi skal vente med å dømme no. Det viktigaste er at folk er nøgde – det fekk vi til, seier Ola N. Døvre.

VAKUUM FOR FOLKEMUSIKKFONDET?

Valdres Kulturforum / Regionrådet vedtok tidleg i sommar å gjera folkemusikkarkivet til sakshandsamar for nye, prosjektbaserte folkemusikkordningar. Bakgrunnen er at Valdres Folkemusikkgruppe vart nedlagd i vår, men den nye ordninga er framleis ikkje på plass.

Folkemusikkarkivar Elisabeth Kværne seier at museet har sagt seg villig til å sikre dei faglege sidene ved den nye ordninga, men at dei framleis ventar på initiativ frå Valdres Kulturforum / Regionrådet.

– No er eg redd det blir eit unødig vakuum mellom ny og gamal ordning. Dette betyr i verste fall at både pengane og den nye ordninga er i fare, meiner Kværne.

Nytilsett regionkonsulent, Aslag Hamre, seier han kjenner til saka, men er usikker på korleis den vidare saksgangen blir. Hamre lovar å gripe inn, og håpar den nye ordninga kjem snart på plass.

VIKAR

Elisabeth Kværne, som tidlegare i år vart tildelt Statens arbeidsstipend, seier ho kjem til å gå ut i permisjon i delar av arkivjobben. Om permisjonen vil gjelde den nye sakshandsamarjobben for Regionrådet, er ho usikker på, men seier at museet si oppgåve no er å skaffe ein kvalifisert vikar.

JØRN HILME-FESTIVALEN

Konsertsjef Frode Rolandsgard gliser frå øyra til øyra. Det er kanskje ikkje så rart. – Endeleg fekk eg den store, gode festivalstemninga, seier han. Høgdepunktet i år vart fjellkonserten på Jaslangen. Likevel står det att mykje før Hilme-organisasjonen glir på begge meiane.

Det er mykje å glede seg over på Hilme-stemnet: konsertkappleiken laurdag og sundag, herleg dansespel på kveldstid, konsertar og kurs i kvar ei krå, yrande folkeliv, gamle og unge – uminan. Musikk og dans, langt ut dei små nattetimar. Hilme-stemnet baud på det meste – og det beste.

EI HEIL VEKE TIL ENDES

Hilme-stemnet har definitivt vakse seg ut av det tradisjonelle helgekonseptet sitt. Dei store høgdepunkta er ikkje lenger strategisk lagde til laurdagskvelden. Fjellkonserten på Jaslangen, tysdag i festivalveka, syner det. 600 publikummarar fann vegen opp i Vestre Slidre-fjella – og vart bergtekne av himmel, fjell og musikk.

1000 fleire besøkjande i år enn i 2005 fortel om ein festival i sterk vekst. Men om det for alvor skal bli ei festivalveke, må ein nok ta skikkeleg grep om festivalkonseptet. Fleire parallelle konsertar, meir musikk og dans i gatene og meir marknadsføring.

– Me har vorte større for kvart år, og me kan bli endå større i åra framover, seier Frode Rolandsgard.

DEN PROFESJONELLE FESTIVALEN

Rolandsgard meiner Hilme-festivalen har vorte langt meir profesjonell dei siste åra. – Me har vorte proffe på ein del ting. Lys og lyd, til dømes. I dag kjøper me desse tenestene i staden for å surre med det sjølv. Dette frigjer oss til å tenkje kreativt, konsept, profil og utvikling av stemnet, seier Rolandsgard. – Men me må gjera noko med organisasjonssida for at Hilme-stemnet skal gli betre. – Me må skaffe fleire folk, både i leiarposisjonane og elles. Her har me ein jobb å gjera, seier han.

7 500

Også den nye informasjonsmedarbeidaren, Kari Hauge, gler seg over det store publikumstalet. – Og det tradisjonelle kappleikspublikumet har fått følgje av hyttefolk, og meir tilfeldige turistar, seier Hauge. – PR-profilen har vore vellukka og er eit resultat av mange års hardt arbeid. Me får mykje skryt av næringsliv og turistnæringa, som endeleg har fått auga opp for Hilme-profilen. Det er gledeleg, seier Hauge.

NOK EIN GONG SUKSESS FOR STRUNKEVEKO

Siste veka i juli gjekk Strunkeveko av stabelen på Valdres folkehøgskule på Leira. I alt var vel 100 ungar og 20 lærarar med og stemninga var upåklageleg frå dag ein.

Frå alle krikar og krokar høyrdes felelæte, langeleikkklunk, song og toradarspel fem dagar til endes. At blide ungar, musikk og dans er ein god kombinasjon, kan dagleg leiar for Strunkeveko, Stian Roland seie seg einig i. Han er godt nøgd med arrangementet, og seier at ein flott gjeng med ungar saman med flinke lærarar gjorde dette til ein suksess. Det var i sommar den niande gongen Strunkeveko vart arrangert, og Stian Roland seier at dei no har fått ei form på arrangementet fungerer godt.

Ei av dei som må tilskrivast mykje av æra for at dette arrangementet har vorte så bra, er Aud Søyland. Ho avslutta i sommar sin innsats i styret etter å ha vore

med heilt sidan starten. For å vera heilt nøyaktig var ho ein av dei som fekk i gang heile arrangementet, og i ni år har ho stått på og halde styr på det meste og dei fleste.

Også i sommar var det arrangert fleire konsertar i samband med Strunkeveko. Kreativiteten var stor både hjå lærarane, som gjorde ting dei ikkje kunne, og ikkje minst hjå elevane, som fekk vist seg frå sine beste sider under sjokoladekappleiken "Glitter og glamor". Ungar og lærarar frå store delar av landet gjorde alle sitt til at denne veka vart ei stor oppleving med mykje musikk, dans, leik, moro, futt og fart – dag som natt!

Ingvild Lie



Vinnar av klassa "Beste vink" på sjokoladekappleiken 2006, Ingebjørg Persvold Ranheim



SEPTEMBER

Fredag 1. september kl. 20: Fredagsdans i Spelemannstogo, ØS.

Laurdag 2. september kl. 19: Takkefest i Beitostølen Høyfjellshotell, kl. 21 festkveld i Beitohallen, Vfl.

Måndag 4. september kl. 19.30–21.30: Springarøving i Nordahl Bruns g. 22, ViO.

Laurdag 9. september kl. 12.15–13.00: Konsert med Haugafolk på Valdres Folkemuseum

Måndag 18. september kl. 19.30–21.30: Springarøving i Nordahl Bruns g. 22, ViO.

Laurdag 23. september:

Konsert med Herr Ole på Valdres folkehøgskule kl. 19.00. Vår.

Onsdag 27. september kl. 19–21: Springarøving på Kvamshall, Vfd. Både øvde og uøvde dansarar er velkomne.

Fredag 29.–laurdag 30. september: Folkelarm på Fabrikken i Oslo, LfS.

OKTOBER

Måndag 2. oktober kl. 19.30–21.30: Springarøving i Nordahl Bruns g. 22, ViO.

Fredag 6. oktober kl. 20: Fredagsdans i Spelemannstogo, ØS.

Tysdag 10. oktober: ”Harv” på folkemusikkscena, Vfl.

Onsdag 11. oktober kl. 19–21: Springarøving på Kvamshall, Vfd.

Måndag 16. oktober kl. 19.30–21.30: Springarøving i Nordahl Bruns g. 22, ViO.

Onsdag 25. oktober kl. 19–21: Springarøving på Kvamshall, Vfd.

Laurdag 28. oktober: Yngretreff på Skrautvål skule. Dette er eit samarbeid mellom Vårflaumen og Øystre Slidre, men også yngre frå andre kommunar er velkomne.

Kontaktperson er Gustav Berger. tlf. 61 36 38 01.

Måndag 30. oktober kl. 19.30–21.30: Springarøving i Nordahl Bruns g. 22, ViO.

NOVEMBER

Onsdag 1. november: ”Sver” på folkemusikkscena, Vfl.

Fredag 3. november kl. 20: Fredagsdans i Spelemannstogo, ØS.

Onsdag 8. november kl. 19–21: Springarøving på Kvamshall, Vfd.

Måndag 13. november kl. 19.30–21.30: Springarøving i Nordahl Bruns g. 22, ViO.

Onsdag 22. november kl. 19–21: Springarøving på Kvamshall, Vfd.

Torsdag 23. november: ”Salt” på folkemusikkscena, Vfl.

Laurdag 25. november kl 19.30: Konsert med Thea Tunås Bratteng, og deretter rakfisklag, Vfd.

Måndag 27. november kl. 19.30–21.30: Springarøving i Nordahl Bruns g. 22, ViO.

DESEMBER

Fredag 1. desember kl. 20: Fredagsdans i Spelemannstogo, ØS.

Onsdag 6. desember kl. 19–21: Springarøving på Kvamshall, Vfd.

Måndag 11. desember kl. 19.30–21.30: Springarøving i Nordahl Bruns g. 22, ViO.

KURS OG ØVINGAR I VESTRE SLIDRE

Springdanskurs på Kvamshall 10. og 11. november.

Instruktører er Anne Marit Røn og Knut Øystein Bakken.

KURS OG ØVINGAR I ØYSTRE SLIDRE

Mehanken, song og lefsebasepause for born 4–8 år. Møtast annankvar laurdag på Herangtunet frå 16. september kl. 11.00–12.00.

Instruktører er Marit Mattisgard og Berit Selland.

KURS OG ØVINGAR I NORD-AURDAL

Hallingkurs på Skrautvål skule onsdagar etter haustferien og fram til påske.

Kontaktperson er Gustav Berger, tlf. 61 36 38 01

Langeleikøvingar på gamle barneskula på Fagernes 28. september og 9. november.

Kontaktperson Lise Lunde Brennhagen, tlf. 948 60 763

Springarkurs prøver me å dra i gang etter jul. Interesserte kan ta kontakt med Gunnar Amundsen, tlf. 971 85 725

Hardingfeleøvingar blir fast i haust og vinter, kontaktperson er Gunnar.

Springarøvingar dersom folk har kjempelyst til å danse.

De kan då ta kontakt med Gunnar, så ska me sjå om me får til noko. Me tek sikte på oppstart av øvingar ein gong på nyåret.

KURS OG ØVINGAR I SØR-AURDAL

Speløvingar i Begnaljom held fram som før.

Kontakt Trygve Bolstad, tlf. 61 34 96 94.

KURS I VALDRESLAGET I OSLO

Kurs i valdresspringar åtte måndagar kl.18–19.30 frå 11. september i Blåsalen, Nordahl Bruns g. 22. Instruktører: Anne Røine og Arne Bäckmark.

Spelemann: Kjellbjørn Karsrud

Pris: kr 300 for medlemmer/studentar, kr 450 for ikkje-medlemmer.

Sjå heimesida vår: www.valdreslagetioslo.no

Påmelding til margrete.aarflot@gmail.com eller ved fram møte.

STØLSKONSERT MED HAUGAFOLK

under «Landbruksdagen i Valdres – frå trebutt til gardstank»

Valdres Folkemuseum, laurdag 9. september kl. 12.15–13.00

Inngang: Vaksne 50, born 20, born u. 10 år gratis.

Med i Haugafolk er Eilif Gundersen, Gyda Grøndalen Hoffmann og Tori Snerte. Grappa skaper ei unik oppleving av ord og tonar gjennom musikalsk forteljarteater. Dei gjev publikum eit ekte og intimt møte med historier frå Hallingdal, og let seg særleg inspirere av naturen, stølslivet, kjærleiken og dei underjordiske. Musikken har ein eigen «haugafolk-vri», med røter i norsk folkemusikk og arrangert for ein spanande trio med særeigne instrument.



Gyda Grøndalen
Hoffmann

Eilif Gundersen

Tori Snerte

KONSERT MED HERR OLE

på Valdres Folkehøgskule, laurdag 23. september klokka 19.00

Utøvarane i grappa skulle vel vera kjende for dei fleste. Gunnlaug Lien Myhr, Hege Nylund, Knut Aastad Bråten og Ole Aastad Bråten er alle røynde utøvarar med sterke prestasjonar frå mellom anna Landskappleiken.

I Herr Ole slår langeleik- og lyrespel fylgje med fleirstemd song. Resultatet har vorte feiande flott. Herr Ole vann Open klasse under Landskappleiken på Beito-stølen i 2006. Riddarviser, skillingsviser, song om kjærleik, låttehulling, dans og entusiastisk langeleikspel er noko av det Herr Ole presenterer på konsertane sine.

Herr Ole kjenner seg heime i intime lokale og meiner dette vil gje publikum ei best mogleg oppleving av musikken til Herr Ole.

Arrangør: Vårflaumen spel- og dansarlag

KONSERTAR PÅ FOLKEMUSIKKSCENA I VALDRES I HAUST

TYS DAG 10. OKTOBER

HARV. Frå Mozart til ”raggarmusikk” frå Värmland. Den svenske gruppa med setesdalssvensken Daniel Sandèn-Warg (fele), Magnus Stinnerbom (viola, trekkspel), Christian Svensson (slagverk) og David Tallroth (gitar) hentar det musikalske materialet sitt frå norsk og svensk folkemusikk. Dei har turnert mykje i Europa, Sør-Amerika, og no sist i februar var dei i USA. Her heime kjenner vi Harv best som musikarane i Tryllefløyta – ein folkeopera. Turneen er eit samarbeid mellom Den norske folkemusikkscena og Rikskonsertane.

www.harv.se

ONSDAG 1. NOVEMBER

SVER. Olav Luksengard Mjelva (fele, hardingfele), Leif Ingvar Ranøien (toradar) og Vidar Skrede (gitar). I eit ungt uttrykk og i fengande arrangement presenterer dei slåttar frå Røros-traktene, med innslag frå Hallingdal og eigengjorde låtar. Repertoaret svingar frå fengande pols- og lausslåttar, vals og springar til rolege folketonar.

www.sver.tk

TORS DAG 23. NOVEMBER

SALT. Salt er eit nytt namn i den norske folkemusikkfloraen, men det er slett ikkje nye namn som gøymer seg bak namnet. Vestlendingane Gabriel Fliflet (trekkspel), Annlaug Børshem (fele, hardingfele, gitar) og Olav Christer Rossebø (gitar, mandola, fele) har fått fylgje av felespelaren Maurice Henderson frå Shetland.


Konsertane er i samarbeid med Den norske folkemusikkscena. Sjå annonsering i avisa Valdres.



Gruppa Sver



Harv



Mjølkerampa

GÅTE

Kem tåla det meste tå læte o ulæte, o sit midt i der det kjem ifrå?
Send svaret til Knut Opheimsbakken, 2910 Aurdal.
knut.opheimsbakken@valdres.museum.no

TRYLLEFLØYTA

Ei busslast frå Valdres reiste den 5. august til Sunne i Sverige. Målet for turen var Vestanå teater og framsyninga Tryllefløyta. Øystre Slidre spel- og dansarlag starta førebuingane for denne turen på vårparten.

14 personar melde seg etter kvart, og du verda for ei oppleving vi fekk, alle saman!

Vestanå teater er ein gamal låve som er ombygd til teater. I 50 varme grader (minst) fekk vi sjå ei framsyning spekka med fantastisk flott musikk og utruleg store prestasjonar når det gjaldt song og «skuespelleri». Blant anna to blad Nordstoga, Berit Oppheim og sjølv sagt vår eiga Marit Mattisgard gav oss frysningar nedover ryggen og tårer i augo.

Eit lite triveleg gjestgiveri hysa oss for natta, og utover i den varme sumarnatta dansa vi etter fele og trekkspel (som vi hadde med).

Takk til alle for ein sers triveleg tur.

Jorunn Nordli

TRADISJONSDANS GJENNOM ”UNG I VALDRES”

Er du mellom 15 og 18, og lurar på om dans kan vera noko for deg? Då kan du kanskje stikke innom tradisjonsdansen, som er eitt av fleire tilbod frå ”Ung i Valdres”. Her kan du lære å danse springar og swing og vals og reinlender og galopp og masurka... Du kan òg spela til dans for dei som vil danse, om du heller vil det!

I tillegg til at du lærer å danse, får du bli med valfaggruppa på tur til ein kappleik eller to der du får oppleva dansen i sitt rette element. I fjor reiste tradisjonsdansarane til vinterkappleiken i Rauland og til folkemusikkdagane i Ål.

På grunn av dei nye læreplanane blir ikkje tradisjonsdans lenger eit valfag ved Valdres vidaregåande skule, fortel Stian Roland, men eit tilbod gjennom ”Ung i Valdres”. Elevane melder seg på i desse dagar, og når lista er klar, blir det eit møte der tid og stad for øvingane blir bestemt.

Tradisjonsdansen blir òg open for elevar i 10. klasse i ungdomsskulen. Interesserte kan kontakte Stian, tlf. 907 22 690, for å få vita meir.

KURS MED LEIF STINNERBOM

Helga før Jørn Hilme-stemnet heldt Leif Stinnerbom kurs i forteljing og skodespelarkunst for ei utvald gruppe folkedansarar. Kurset vart arrangert som ei oppkøyring til den framtidige ”Isfolket”-oppsetjinga. Leif og studentane kasta seg over eventyret ”Den forgylte skog” etter Andris Eivindson Vang, og eventyret vart deklamert i både springar- og laustakt.

Stinnerbom har gjort stor lykke med eit utradisjonelle teaterkonseptet. Levande musikk og dans, fantastiske kostyme, folkeleg forteljartradisjon og profesjonell teaterkunst smeltar saman i eit heilskapeleg uttrykk.

– Men det er sjeldan proffe skodespelarar meistrar folkedansen til dømes, seier Stinnerbom. Derfor er det ikkje sjeldan Stinnerbom snur opp ned på rollefordelinga og gjev hovudrollene til folkedansarar.

– Folkedansarar ber i seg ei eineståande kroppshaldning, og uttrykket blir alltid noko heilt anna enn kva profesjonelle skodespelarar får til.

”Den forgylte skog” fekk ei spanande tredelt tolking. Kurset blir vidareført med tre helgekurs utover hausten.



Ingar Ranheim, Leif Stinnerbom og Margit Sandemo planlegg framsyninga Isfolket

RAGNA BRENNØ FRYDENBERG 1906–2006

Langeleikspelaren og tradisjonsberaren Ragna Brenno Frydenberg døydde 31. mai 2006, vel 100 år gamal.

Ragna budde dei siste åra på Silurveien sykehjem i Oslo, og var ved godt mot til det siste. Ho hadde fått statens æresstipend for eldre, fortente kunstnarar, kongens heidersmedalje i gull og Sør-Aurdal kommunes kulturpris. Spelet hennar er teke vare på i arkiva til NRK, Rådet for folkemusikk og folkedans, Valdres folkemusikkarkiv og Norsk folkemusikksamling. Marit Hasle Solbrekken gav i 1998 ut ei bok om Ragna der ein kan lese om livet hennar (Ei spire til langeleikens renessanse, eige forlag).

Ragna vart fødd 9. april 1906 i Bagn som dotter av Ola Brenno (1865–1957) og Ragnhild, fødd Brustogun (1884–1957), og var nest eldst av 8 sysken. Mestedelen av barndommen budde Ragna på Personsætra. Det året Ragna vart konfirmert, budde dei i Vardal.

I 1928 fekk Ragna arbeid som oppsynsdame på Norsk Folkemuseum og flytte til Oslo. Men det var fyrst då Leif Løcken ble tilsett som konservator at langeleiken kom fram og Ragna tok til å spela for turistane. Gjennom to mannsaldrar fekk store mengder turistar oppleve langeleik og dokkedans i Hålistua på museet.

I 1951 gifta Ragna seg med Henry Frydenberg (1893–1976). Han var snikkar og laga fleire langeleiker. Dei budde i Bygdøy allé, der Ragna vart buande fram til ho ikkje lenger kunne stelle seg sjølv.

Ho var trufast med på kappleikar, seinast i Oslo i 1981, og medverka på konserter og tilstellingar. For Valdres er det naturleg å minnst spelet hennar på landskappleiken i 1978 og konserten på Frydenlund i 1989.

Ragna hadde mange vener i folkemusikkmiljøet og kulturlivet i hovudstaden. Gjennom tidene samla ho eit rikt materiale i form av lydopptak, artiklar og anna om langeleiken og Valdreskulturen. Dette har ho gjeve til Opplandsarkivet på Valdres Folkemuseum. Som bindeledd mellom hundreåra har ho dermed tilført komande generasjonar ei gåve for å betre forstå kulturarven vår. Og det var nett dette ho brann for heile sitt liv. Ho var eit forbilde og ikon for langeleikspelarar. Ho gledde seg stort over at så mange yngre langeleikspelarar vitja ho dei siste åra og fekk lære låttane direkte av henne. Forutan elever i Oslo- og Gjøvik-miljøet lyt vi særleg nemne langeleikspelarane Anne Mette og Bergljot Hedda Lunde, Knut og Ole Aastad Bråten, Ingri Kværne og Solfrid Olmhus og Trude Bakke.

Ragna levde eit liv med familietradisjonen etter faren Ola Brenno og eit livslangt engasjement for langeleiken og norsk folkemusikk. Ho heldt fast ved instrumentet og musikken i ei tid då folkemusikken ikkje var så verdsett som i dag. Ho var eit levande prov på livskrafta og gleda over ein liten tradisjon med appell til stadig nye generasjonar

Slik skal folkemusikkmiljøet og små og store langeleikspelarar halde fram og hente inspirasjon frå og ause av den rike kjelda Ragna sitt livsverk er.

Ragna var ein trufast ven. Slekt og langeleikvener vil alltid vera takksame for å ha fått oppleve 100-årsdagen hennar og få dele gleda hennar over ei ny blømingstid for langeleiken..

Elisabeth Kværne

Landbruksforsikring

Vi kan ordne alle forsikringar for gardbrukarar,

- Bolighus
- Driftsbygningar
- Løssre
- Husdyr
- Traktorar
- Ulykke

Ta kontakt med din lokale sparebank eller Torbjørn Langødegård ved vårt felles salgskontor på Fagernes



Private forsikringar

Vi kan ordne alle forsikringar for privatkunder

- Bolighus
- Biler
- Fritidseiendomar
- Motorsykel / moped
- Reiseforsikring
- Verdigenstandar

Ta kontakt med din lokale sparebank. Hvis du ikkje er kunde i ein av sparebankane så ta kontakt med vårt felles salgskontor på Fagernes

Livsforsikring

Vi kan dekke alle dine behov for forsikring av liv og helse

- Død
- Uforekapital
- Uforepensjon
- Operasjonsforsikring
- Kritisk sjukdom
- Barneforsikring

Ta kontakt med din lokale sparebank. Hvis du ikkje er kunde i ein av sparebankane så ta kontakt med vårt felles salgskontor på Fagernes



Etnedal Sparebank – tlf. 61121500 – www.etnedalsparebank.no
Vang Sparebank – tlf. 61367600 – www.vang-spb.no
Vestre Slidre Sparebank – tlf. 61343600 – www.slidrebanken.no
Øystre Slidre Sparebank – tlf. 61340950 – www.osbank.no
Salgskontor Fagernes – tlf. 61366638 – www.sparebankgruppa.no

På sporet av kvinnelege førebilete i Folkemusikk-Valdres (II)

DOKKEDANS OG LANGELEIKSPEL HJÅ BERIT PÅ PYNTE

Berit på Pynte (1812–1899) er den mest vidgjetne av langeleikspelarane på 1800-talet. Viktige kjelder er Valdres bygdebok nr. 6 og 7, og Ola Hjelle sin artikkel i Årbok for Valdres 2005 og sjølvsagt Anne M. Helgesen si doktoravhandling om figurteateret si historie i Noreg.

Berit voks opp på Los-Vølladn i Vestre Slidre og vart gift med den kjende bjørnejegeren Andris frå Skjefte. Dei busette seg på Pynte og fekk to søner, som baa vart kalla Andris. Dei vart i sin tur gifte med mor og dotter på Løkji.

DANSEDOKKER

Sonedotter til Berit på Pynten, Guri Kårstad, skreiv i avisa "Valdres" i 1955: "Vi småjentene tok oss gjerne turer til Pynten for

å høre langeleikspell, og det som drog oss mest, var et dukkepar som danset når bestemor spilte. Dukkene skulle forestille en mann og en kone, og de var kledd i gamle, fine nasjonaldrakter. Kona hadde ganske sid foldetrøye, svart skjørt med tre rinder rundt nedentil i fargene rødt, hvitt og blått, hvite strømper og svarte sko. Håret var mørkebrunt og flettet i ei flette som hang langt nedover ryggen. I bringa var innfelt en liten duk av flerfargete perler, formet som en halv åttebladsrose, og en liten pen sølje med ringer med løv i, og et smalt perlesteinsbelte om livet, med messing-spenner i.

Mannen hadde gråtrøye med sølvknapper i, svart knebukse med en litt bred bord med to sølvknapper i, og over borden et fingra band av flerfarget ullgarn med dusker i endene. Det var knytt løkke slik at endene gikk litt ned på leggene, og så var det hvite strømper og svarte skor. Han hadde svart hår som gikk med på trøyekragen. Det var et stativ som dukkene sto på. Dukkene hadde ledd i knær og ankler slik at de var bevegelige. I hodet på dem var det smettet en liten messingløkke som det var festet en tråd i og opp gjennom stativet. Så festet hun trådene fra dukkene på pekefingeren som hun førte spretten med, altså på høyre hånda. Når så spillet tok til danset dukkene."

Det er truleg at dansedokkene Berit brukte, har hatt ulik utforming. Hallvard Bergh skildrar dokkene i boka "Folke-Eventyr og Billeder" s. 142 slik: "Den



Berit på Pynte i kjend positur

spinkle blåmalte tremann, som hun styrer med en tråd, bundet til den Haand hun slaar an med gjør sprett og spenn som den beste Hallingdanser.”

Den viktigaste kjelda til kunnskap om dokkedans på 1800-talet i Valdres er systrene Marit Tørrisa, Guri Moe og Berit på Pynten. Systrene reiste mykje rundt kvar for seg og saman. Dei tente mykje pengar, spelte fleire instrument og er altså alle dokumenterte i samband med dansedokker. Fotografi og samtidsdokumentasjon i form av avisreportasjar og memorat fortel korleis dei nytta dokker attåt langeleikspelet.

LANGELEIKANE TIL BERIT PÅ PYNTEN

Berit ville gjerne marknadsføre seg som ”Langeleikspillerske – verdensberømt”. Tre av langeleikane til Berit er stilte ut på Ringve museum i Trondheim, som er Noregs knutepunktinstitusjon innafor instrument og musikkhistorie. Slik har ho fått eit internasjonalt publikum og sin faste plass i utstillinga.

Berit hadde fleire langeleiker gjennom livet, alle av Nord-Valdres-typen, med stillarhuset i eine enden. I tillegg til dei tre leikane på Ringve finst dokumentasjon på foto og teikningar av Berit frå rundt 1870.

LÅTTANE ETTER BERIT PÅ PYNTEN

Folketonesamlaren Ludvig Mattias Lindeman skreiv opp 18 låttar etter Berit i 1865. Lindeman var ikkje på samlarferd i Valdres dette året, så vi må tru at Berit oppsøkte han i Kristiania. Låttane hennar høyrer til eit eldre låttetilfang, med utgangspunkt i ei tonekjensle der tonestega skil seg frå den heil- og halvtoneskalaen vi kjenner som durskalaen i dag. Denne ”moderne” skalaen vart introdusert gjennom opplæring med salmodikon i Valdres på 1840-talet og i Øystre Slidre teken i bruk på langeleiker alt på 1860-talet. Lindeman noterte tonestega Berit brukte på leiken sin, og dei er òg tydelege å lesa på langeleikane som er tekne vare på etter henne. Sjølv var ho medviten om verdien av dei særprega låttane, og mana etterfylgjarane sine til ikkje å endre tonestega.

Frå tradisjonen veit me at konsekvensen av å skifte til durskalaen kunne være at utøvaren slutta å spela, eller moderniserte heile låttetilfanget til nyare melodiar som kledde durskalaen betre.

Eit teikn på at Berit sitt låttetilfang høyrde til ein eldre tradisjon, er at hallingane dominerar. Slik var det òg hjå t.d. Ragnhild Olsdotter Viken (1783–1861). At Berit har heile fem lydarlåttar, to med utførlege segner notert til, heng nok saman med at ho tente pengar på å underhalde folk med spelet sitt og var avhengig av å halde på merksemda til lydarane. Det er i denne samanhengen dansedokkene høyrer heime.

Elisabeth Kværne, folkemusikkarkivar på Valdres Folkemuseum

B

NORGE



P.P.



DISTRIBUTÉNT AV POSTEN NORGE

Nyttige namn og nummer

| Lag | Leiar/kontaktperson | Telefon | Mobilttelefon | E-post |
|--|---------------------------|-----------------|---------------|--|
| Begynnløpm spel- og dansarlag | Trygve Bolstad | 61 34 96 94 (p) | 959 73 004 | |
| Einvedal spel- og dansarlag | Ellen Wilborg Samnerud | 61 12 11 94 | 959 01 967 | |
| Valdreskvelven spel- og dansarlag | Kari Hagaseth | 61 36 82 27 (p) | 988 57 553 | hagaseth_yang@hotmail.com |
| Valdreslaget i Oslo | Elisabeth Bring | 22 13 79 64 (p) | | elisabeth.bring@c2i.net |
| Vestre Slidre spel- og danseslag | Randi Før | 61 34 42 10 | 915 77 695 | randifoer@online.no |
| Vårflaumen spel- og dansarlag | Gunnar Kværne Amundsen | | 971 85 725 | hjelleguten@hotmail.com |
| Oystre Slidre spel- og dansarlag | Magny Smedsrud Karlberg | 61 34 24 48 (p) | 905 92 240 | magny.k@online.no |
| Valdres Folkemusikklag | Oddrun Hegge | 61 36 56 52 (p) | 971 76 868 | audubr@online.no |
| Jørn Hilde-stemmet | Ola N. Døvre | | 911 23 185 | ola.n.dovre@m2u.no |
| Strunkeveko | Ole Aastad Bråten | | 907 63 635 | aastadguten@hotmail.com |
| Landskapleiken 2006 | Ola N. Døvre | | 911 23 185 | ola.n.dovre@m2u.no |
| Valfag i tradisjonsdans | Tone Voldhaug | | 992 33 979 | tvoldhaug@hotmail.com |
| VH og Jørn Hilde-stemmet, dagleg leiar | Solveig Hårdnes | 61 36 46 71 (a) | 905 12 055 | post@valdresfolkemusikklag.no info@hilde.no |
| Strunkeveko, dagleg leiar | Stian Roland | 61 36 46 71 (a) | 994 48 486 | leiar@strunkeveko.no |
| Valdres folkemusikkarkiv | Elisabeth Kværne | 61 35 99 32 (a) | 900 45 834 | elisabeth.kvaerne@valdres.museum.no |
| L/S | Randi Skeie | 61 26 10 42 (p) | 995 22 538 | randi.skeie@folkemusikk.com |
| L/S, dagleg leiar | Magnar Sundt | 22 42 45 30 (a) | 950 85 647 | lfs@folkemusikk.no |

RETURADRESSE:**VALDRES FOLKEMUSIKKLAG, TYINVEGEN 27, 2900 FAGERNES**